

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 43

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Hamre

Emne: Ting til legedom og vern
mot sykdom.

Bygdelag: Dalebygda

Oppskr. av: Sverre Kvamme

Gard: Mundal

(adresse): Leiknestangen

G.nr. 10 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Noko av eiga røynsle, noko av det eg har høyrte av eldre.

SVAR

Å bera ringar, armband, smykke eller anna til vern mot sjukdom er så å seia heilt ukjend i bygda.

~~Eg har ikkje~~ Eg har spurt at det var ei bykone som bar ringar i øyro som hjelp mot nervøsitet. Elles har eg ikkje kunnskap om at ein bar ting som førevern mot sjukdomar, men at det vart brukt ymse midlar til å få dei sjuke friske att.

Ei kone (kring 1850) hadde eit ormehovud på ei flaske vatn. Dette vatnet vart smurt på dei lemer som var sjuke t. d. av gikt. Det skulle hjelpa sers godt. Ormehovudet vart bytt kvar sumar.

Slike gode råder vart kalla "åtgjerd" og ~~då~~ dei som sat inne med desse hjelpemidlar vart kalla åtgjerds-kallar eller åtgjerds-kjerringar. Det var få som kunne slike kunster.

I eit tilfelle var det ein mann som hadde så vondt i ein arm. Det var då einkvan som reiste til åtgjerds-kallen etter åtgjerd for dette. Åtgjerds-kallen var villig å hjelpa, men det var ulovleg å sjå på kva han stelte til. Dei måtte gå ut or stova medan han stelte til medisinen. Dette var kring 1860, og vantrua var på innsteg i bygdene. Dei smeit seg til å kika ulovleg gjennom eit veggehol. Kallen tok eit ullband, sputta på det til det var vel tilklint, hadde det i ei øskje og gav dei. Dei drog tilbake til den sjuke. Han gjorde som føresagt, batt bandet kring armen og vart frisk. Men det vart siste åtgjerden denne mannen fekk laga. Vantrua tok overhand.

På same tid var det ein gamal mann som vart sjuk, og han sende då 2 mann langt av garde til ein vidgjeten åtgjerds-kall. Dei fekk med ei flaske brennevin. Då

dei vel var komne så langt med roinga at dei var ute av synet heimanfrå, la dei til lands. Det var varme sumardagen, skogeh var sval, det var godt å vera i skuggen. Vantrua var stor. Det var også skjemteskapen. Dei drakk brennevinet opp, kvilde passeleg lenge, fyllte myrvatn på flaska og drog heim. Gamlingen trudde dette var sers gode saker frå åtgjerdskallen. Han både smurde seg og drakk av vatnet, og tyktest verta bra.

Dette er dei einaste tilfelle eg har spurt og som kan kanskje peika i den leid emnet krev.